

Halvårsrapport for 2020

**Forskning og innovasjon i
Helse Førde**

Rapport utarbeidd av
Marit Eva Solheim, Forskingsleiar
Guro Mjanger, Seksjonsleiar
Seksjon for forskning og innovasjon

Ansvarleg: Utviklingsdirektør Anne Kristin
Kleiven Helse Førde 17.11.2020.

Innhold

1. Forsking	3
1.1. Klinisk behandlingsforskning	3
1.2. Evaluering av dei strategiske forskingsatsingane og vegen vidare	4
1.3. Profilen på HFD sin ressursbruk til forskning	5
1.4. Status søknader	7
2. Innovasjon	9
2.1. Innovasjon i Helse Vest	9
2.2. Bruk av drone i helsevesenet – fase 3.	9
2.3. Kommunikasjon og nettverk	10
3. Helseatlas og Samhandlingsbarometeret	10
4. Revisjon av avtalar mellom Helse Førde og HVL	12
5. Covid 19 – følgjer for forskning og innovasjon	12

Denne rapporten gir oversikt over fokusområde og oppgaver i inneverande år, og omtalar planar for det vidare arbeidet.

1. Forsking

1.1. Klinisk behandlingforsking

Klinisk behandlingforsking eller kliniske studiar vert utført med pasientar for å undersøke verknad av legemidlar, andre behandlingmetodar eller utstyr. Dei fleste kliniske studiar er legemiddelstudiar. Deltaking i slike studiar er det viktigaste verkemiddelet vi har for å kunne tilby pasientar utprøvande behandling. Det er eit nasjonalt mål at fleire pasientar, får tilbod om å delta i slike studiar. Hovudkjelda for finansiering av legemiddelstudiar er internasjonale legemiddelfirma. St.18 (2018-2019) *Helsenæringen* seier at samarbeidet med næringslivet innan kliniske studiar bør auke. I oppdragsdokumentet for 2020 står det at talet nye kliniske behandlingstudiar skal auke med minst 5 prosent samanlikna med 2018. Helse Førde har nådd dette målet.

Klinisk behandlingforsking er klinisk behandlings- og rehabiliteringsstudiar som kan påvirke pasientforløpet til forskningsdeltakarane. Det omfattar utvikling, utprøving og evaluering av nye legemiddel, ny teknologi eller ny anna behandling, t.d. innan fysioterapi.¹ Utprøvande behandling skal som hovudregel bli gitt som ein del av ein klinisk studie. Det er eit nasjonalt mål at fleire pasientar får tilgang til utprøvande behandling. Ein betydeleg del av dei kliniske studiane er fullt eller delvis finansiert av næringsaktørar.

Helse Førde har dei siste åra arbeidd målretta med å få opp eit system og ressursar rundt klinisk behandlingforsking, med vekt på legemiddelstudiar. Ein koordinator starta opp i nyoppretta stilling tidlegare i haust. Ho skal m.a. arbeide med støttesystema og rundt kliniske behandlingstudiar og med rettleiing inn mot alle aktuelle avdelingar i HFD, og delta i regionalt og nasjonale nettverk.

Studiekoordinator er allereie involvert i fleire nye studiar som er godkjende eller under planlegging i HFD. Ho deltek vidare i ei nasjonal gruppe som m.a. arbeider med å harmonisere prosessane for oppstart av prosjekt finansiert av legemiddel- og utstyrsfirma. Målet med arbeidet er m.a. å redusere tida frå førespurnad til godkjent prosjekt. Det har over fleire år vore ein negativ trend i tal slike studiar i Norge. Noko av årsaka til dette er at det er tidkrevjande og kompliserte prosessar for å komme i gang med slike studiar her til lands.

Nasjonal infrastruktur på fleire områder innan klinisk behandlingforsking er under utvikling og innføring. Eit nasjonalt indikatorsystem for rapportering på klinisk behandlingforsking (KBF) er utvikla. Frå rapportering for 2020 vil resultatet inngå i det nasjonale systemet for resultatbasert finansiering av forskning i helseforetaka². Dei nye plattformene for klinisk behandlingforsking føreset gode system og kompetanse i det enkelte føretak og i regionen. Regional kompetansestøtte, i HV plassert i Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning, er i løpet av 2020 blitt operativ.

¹ <http://kliniskforskning.rhf-forsk.org/om-programmet/> <https://www.cristin.no/behandlingsstudier/ofte-stilte-sporsmal/>

² <https://www.cristin.no/behandlingsstudier/>

1.2. Evaluering av dei strategiske forskingssatsingane og vegen vidare

Vidareføring og utviding av strategiske forskingssatsingar er eit av tiltaka i den nyleg vedtekne Forskings- og innovasjonsstrategien for Helse Førde (HFD) 2020-2025 (Styresak 034/20). Strategien seier også at dei noverande tematiske forskingssatsingane Folkehelse, livsstil og overvekt, og Psykisk helse og rus, skal eksternevaluerast. Dette er no gjennomført.

Evalueringskomiteen har vurdert satsingane basert på ei breidde av dokumenterte tiltak og resultat, eigenevaluering og intervju. Komiteen har svart på: 1) Er satsingane gjennomført i tråd med dei beskrivne måla som låg til grunn for etablering av satsingane? 2) Har satsingane ført til forventa resultat i forhold til ressurstildelinga? 3) Er satsingane relevant innretta i forhold til HFD si verksemd og måla i forskings- og innovasjons-strategien til HFD? 4) Har styring og leiing av gruppene vore føremålstenleg for å oppnå forventa resultat? 5) Kva betydning har dei strategiske satsingane hatt for helsetenesta på Vestlandet og landet for øvrig med tanke på internasjonale kontaktar, styrka forskingskvalitet og betydning for helsetenesta? 6) Er denne type strategisk forskingssatsing å anbefale i HFD, eventuelt kva justeringar bør vurderast?

Tilbakemeldingane frå komiteen var gode. Begge satsingane har klart innfridd forventningane til måloppnåing, og det er oppnådd svært gode resultat. Begge satsingane er innretta mot verksemda i HFD og mot strategiar i Helse Vest, satsinga innan psykisk helse og rus er særleg godt innretta innretta mot verksemda i HFD. Dei avsette midlane har ført til ei betydeleg ekstern forskingsfinansiering. Satsingane bidreg til å finne ny kunnskap for å kunne forebygge og behandle lidningar knytt til både psykisk helse og rus, og overvekt, og har sett HFD på kartet i heile Helse Vest-området. Evalueringskomiteen tilrår at satsingane vert forlenga i ytterlegare fem år for sikre berekrafta i miljøa ein allereie har, og at det vert gjennomført ein søknadsprosess. Komiteen tilrår også at HFD startar ein prosess med utvikling av eit tredje satsing innan i somatikken. Evalueringskomiteen peikar også på flater for vidare samarbeid. Rapporten frå ekstern vurderingskomite er vedlagt.

Evalueringa og framlegg til vidare prosess er handsama i styringsgruppa for satsingane. Rammer for vidare prosess er vedtekne i føretaksleiinga:

- 1) *Dei økonomiske rammene for dei eksisterande satsingane i 2020 vert vidareført i 2021*
- 2) *Forskingsleiar får i oppdrag å leie arbeidet med prosessen for vidareføring av dei to eksisterande satsingane og utlysing av ei tredje satsing*
 - *Dei to eksisterande satsingane leverer ein plan om vidareføring i perioden 2022-2026. Maksimal samla ramme er 4 millionar kroner/år.*
 - *Det skal lysast ut ei tredje satsing i ein to-stegs prosess. Først ei utlysing med mål å få inn skisser til ei ny satsing. Deretter vil skisse(r) som vert vurderte som aktuelle få midlar til å utvikle ein plan for ei ny satsing.*
 - *Ei ny satsing vil få tildelt rammer gjennom dei ordinære budsjettprosessane*
 - *Ein ekstern komite vurderer plan for vidareføring av eksisterande satsingar og søknader på ei tredje satsing.*

3) Styringsgruppa for satsingane held fram også i den nye fem-års perioden.

4) Saka vert oversendt Administrerende direktør for endeleg vedtak


1.3. Profilen på HFD sin ressursbruk til forskning

Sidan 2006 har Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) gjennomført årlege målingar av ressursbruken til forskning og utviklingsarbeid (FoU) i helseføretaka.

Målesystemet skal for det første gje Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) og dei regionale helseføretaka (RHF) styringsinformasjon om forskning. For det andre inngår materiale fra målinga i nasjonal og internasjonal FoU-statistikk. Frå 2017 vert målingane gjennomført annankvart år. Rapporten *Ressursbruk til forskning i helseføretakene i 2019*³ er no klar.

Figur 1 viser utvikling i rapportert ressursbruk til forskning for dei helseføretaka som liknar mest på ligg nærast HFD. Ressursbruk til forskning omfattar både ressursar frå basisbevilgninga og frå eksterne kjelder. I 2019 brukte sjukehus som ikkje var universitetssjukehus gjennomsnittleg 1.1% av dei totale driftskostnadene til forskning.

Nasjonalt utgjorde forskning innan psykisk helsevern 13% av den samla forskingsinnsatsen i helseføretaka i 2019. Eit særtrekk ved HFD sin profil er at ein mykje større del av den samla forskingsinnsatsen i føretaket vert nytta i psykisk helsevern. Store deler av forskingsmidlane frå eksterne kjelder er innan psykisk helsevern.



Figur 1. Andel av driftskostnader brukt til forskning, utvalde føretak. Kjelde: NIFU⁴


³ <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2685369/NIFUrapport2020-16.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

⁴ www.nifu.no

1.4. Status søknader


Søknader om interne forskingsmidlar

Det kom inn 15 søknader til dei utlyste interne forskingsmidlane for 2021. Søknadene er under vurdering og tildeling vil skje i desember 2020. Sju søknader er nye.



Figur 2. Søknader om interne forskingsmidlar 2015-2021


Figuren under viser kvar søkjarane kjem frå. Som ein ser er det betydeleg variasjon frå år til år kor mange søknader det kjem frå kvar klinikk. Søknader for 2021 er prega av få søknader frå somatikken, dette har truleg delvis samanheng med Covid 19. Det kan bemerke at tre tilsette i Medisinsk klinikk vil få høve til å overføre midlar til 2021, då prosjekta grunna Covid-19 ikkje har kunna blitt gjennomført etter planen. Eit særtrekk i 2021 er mange søknader frå Stab og støtte. Dette er i hovudsak frå personar som er finansierte av midlar frå andre kjelder enn basisbevilgninga til HFD, m.a. Helseatlas, og nokre av desse har sendt fleire søknader.



Figur 3. Søknader fordelt på klinikkane og stab/støtte 2014-2021

Søknader om eksterne forskingsmidlar

Hausten 2020 vart det sendt fem forskingsøknader til Helse Vest. Tre av desse er nye. Dei fem søknadene omfattar tre phd-stipend, eit korttidsstipend, og ein søknad om open prosjektstøtte. Det er søkjarar frå alle klinikkane. Dei siste åra har HFD sendt mellom fem og åtte søknader. Helse Førde fekk ingen nye tildelingar i årets utlysning, men har fire pågåande prosjekt finansert av forskingsmidlar frå HV.



Figur 4. Tal søknader sendt frå HFD til Helse Vest sine opne forskingsmidlar

2. Innovasjon

2.1. Innovasjon i Helse Vest

Helse Vest har dei seinare åra lyst ut omlag 10 millionar kroner årleg i innovasjonsmidlar med søknadsfrist den 15 september for det etterfølgjande året, og årleg har to-tre prosjekt i HFD fått støtte frå desse midlane. Dette er midlar som har vore viktige for å få innovasjonsprosjekt i HFD vidare. Innovasjonsmidlar for 2021 er enno ikkje utlyste, men Helse Vest har signalisert at det truleg kjem ei utlysing like over nyttår. RHF'et ønskjer å ta ei meir aktiv rolle når det gjeld innovasjon i helseregionen, og arbeider for tida med strukturar for å få dette til.

Det er sett ned ei regional arbeidsgruppe som skal utvikle ein politikk (retningslinjer) for føretaka si handtering og regulering av immatrielle rettar⁵ hjå tilsette i føretaka. Grappa vert leia av jurist i Helse Vest, og målet er å få retningslinjer som skal vere felles for alle føretaka i Helse Vest.

2.2 Bruk av drone i helsevesenet – fase 3.



Illustrasjon førsteutkast av dronen

Prosjektet «Bruk av drone i helsevesenet» starta opp i regi av Helse Førde i 2018, og er no inne i ei spanande fase. I denne tredje fasen er det Airlift Solutions AS <https://www.airliftsolutions.no> som er prosjektleiar. Samarbeidet er formalisert gjennom ein innovasjonskontrakt om offentleg – privat samarbeid, Det er blitt eit stort regionalt prosjekt, der Helse Bergen, Helse Stavanger, Helse Fonna og Sjukehusapoteka Vest deltek som partnarar i kontrakten. Helse Førde er koordinator mellom helseføretaka og Airlift Solutions.

⁵ Det refererer til beskyttelse av oppfinnelser, forfatter- og kunstnerarbeid, symboler, navn, logoer, design og andre innovasjoner. IPR inkluderer industrielle (registrerbare) rettigheter (patent, varemerke og design) og åndsverk, opphavsrett, domener, forretningshemmeligheter med mer. <http://www.iprhjelp.no/no/iprhjelp/om-ipr/>

Airlift Solutions har gått saman med norske underleverandørar for å utvikle dronen, og den skal vere tilpassa krava til tryggleik og luftfart, og behova til helsetenestene. Det er mål om å gjere testflyingar på definerte ruter i løpet av 2022. Det er etablert tverrfaglege arbeidspakkar og målet er at prosjektet etter kvart skal involvere deltakarar frå helseføretak i heile Noreg.

Airlift Solutions har gått saman med norske underleverandørar for å utvikle dronen, og den skal vere tilpassa krava til tryggleik og luftfart, og behova til helsetenestene. Første skissa til dronen er klar til å byggjast og testast ut, og målet er å gjere testflyingar på definerte ruter i løpet av 2022.

2.3. Kommunikasjon og nettverk

Helseinnovasjonskonferansen 2021 vert arrangert den 28.januar som ein digital konferanse. Vi har søkt om, og fått innvilga, 250 000 kroner frå Norges Forskningsråd til arrangementstøtte. Som ved førre konferanse i 2019 er målet for arrangementet å skape ein tverrsektoriell møteplass med fokus på innovasjonspotensial knytt til helsesektoren. Sidan konferansen vert digital, vil den kortast ned i tid samanlikna med sist, og vi ser på moglegheiten for å legge opp til parallellsesjonar for å auke relevansen for fleire.

Helse Førde har søkt medlemskap i helseklynga Norwegian Smart Care Cluster (NSCC). Målet med klynga er å bygge norsk helseindustri i partnerskap med offentlege og private bedrifter, og auke kunnskapen på tvers av sektorar. NSCC har over 200 medlemmer frå heile landet. Det er ei blanding av private bedrifter og offentlege aktørar, mellom anna Helse Stavanger. Klynga er ein fin arena for å danne nettverk, auke innovasjonskompetansen i Helse Førde, og bidra til å synleggjere Helse Førde sin innovasjonsaktivitet.



Norwegian
Smart Care
Cluster

2.4. Drop-in teneste for innovasjon

Ei av hovudutfordringane i arbeidet med å skape kultur for innovasjon er å komme tett nok på drifta. Dette ønskjer vi å betre ved å ta i bruk den nedlagde blomsterbutikken som ligg sentralt til ved hovudinngangen ved Førde Sentralsjukehus. Her skal to av medarbeidarane våre vere tilgjengelege eit par dagar i veke for tilsette og andre som ønskjer å diskutere ideane sine, få rettleiing, eller berre ønskjer å ta ein kaffikopp og tenke høgt saman. Butikken må truleg omarbeidast noko for å fungere til formålet. Planen er at drop-in kontoret er klart til bruk tidleg i 2021.

3. Helseatlas og Samhandlingsbarometeret

Helseatlas under arbeid

Helseatlastenesta i Helse Førde arbeider med analysar til emneområdet «Helseatlas for somatisk behandling ved psykiske lidningar. Oversikt og analyse av somatiske spesialisthelsetenester for pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar i Noreg 2015-2019.» Følgande hovudspørsmål blir undersøkt: Er det geografiske variasjonar i bruk av somatiske helsetenester for pasientar med psykisk lidning og/eller ruslidning? I tillegg undersøker ein om det er forskjellar i bruk av somatiske helsetenester mellom pasientar med og utan psykisk/ruslidning, og om det er geografisk variasjonar her.

Kunnskapen frå helseatlasen vil, saman med annan kunnskap knytt til somatisk helseteneste for pasientar med psykisk lidning og/eller ruslidning, bidra til større merksemd på forskjellane og dermed medvit om kva tilbod ein gir desse gruppene. Kunnskapen kan vidare bidra til målet om ei betre ivaretaking av somatisk helse for pasientane, og eit meir likeverdig tenestetilbod for pasientane i heile landet.

Helseatlas under planlegging

«Helseatlas fedme, diabetes type 2 og hjarteinfarkt» er under planlegging. Hovudspørsmåla er om det er geografisk variasjon i behandling av pasientar i dei tre gruppene. Informasjon om vaksne pasientar med fedme, diabetes type 2 og/eller hjarteinfarkt blir samla i eitt helseatlas, og vil då kunne gi ei oversikt over bruk av helsetenester hos tre assosierte pasientgrupper.

Pasientane har oppfølging i både kommune- og spesialisthelsetenesta. Dersom vi får utlevert data frå både Norsk pasientregister (NPR) og Kommunalt pasient og brukarregister (KPR), vil vi kunne setje lys på pasientane sin bruk av helsetenester på begge nivå. Å kople data frå desse to registera er eit stort potensiale med tanke på å få fram meir samla helsetenestebruk.

Det er utarbeidd ein eigen plan for forskning i helseatlastenesta i Helse Førde. Arbeid med den første artikkelen er starta. Denne er knytt til «Helseatlas i ortopedi». Det er sendt to søknader forskingsmidlar for Helse Førde i 2021.

Samhandlingsbarometeret

Samhandlingsbarometeret har som hovudfunksjon å vere eit verktøy og eit felles kunnskapsgrunnlag for samhandling mellom kommunane- og spesialisthelsetenesta. Helse Førde eig og driftar Samhandlingsbarometeret på vegne av Helse Vest, og har eit team av forskarar og analytikarar som arbeider med publisering, analyse og formidling knytt til barometeret. Føretaka i Helse Nord brukar også barometeret. Portalen vert også brukt av Høgskulen på Vestlandet i forskning, undervisning og studentarbeid. Samhandlingsbarometeret vert vidareutvikla i tett samarbeid med Helse Nord og dei andre føretaka i Helse Vest.

Samhandlingsbarometeret arbeider med innføring ei ny teknisk løysing for publisering av indikatorane. Ein skal nytte PowerBI, då denne også er brukt til liknande arbeid elles i Helse Vest. Ei ny teknisk løysing vil etter planen vere på plass innan nyttår. Løysinga er langt meir brukarvennleg enn den plattformen ein brukar i dag. Utkast til rapportar er snart klar for testing av utvalde kommunar, alle føretaka og HVL/andre aktuelle i Helse Vest og Helse Nord. Planen er at ein på sikt skal kunne automatisere størstedelen av innmatinga av data i portalen.

Data som helsefelleskapa treng vert eit viktig område for Samhandlingsbarometeret framover. Vi ser for oss eit sett med variablar som er felles for alle, med mulegheit for føretaka til å be om data knytt til eige utviklingsarbeid. Ambisjonen framover er å bli eit Samhandlingsbarometer for heile landet. Etter at ny publiseringsløyising er på plass vil vi jobbe mot Helse Sør-Øst og Helse Midt.

4. Revisjon av avtalar mellom Helse Førde og HVL

Ein revisjon av avtaleverket mellom HFD og HVL pågår. Avtalane omfattar samarbeid innan forskning og innovasjon, utdanning, samarbeid om personell og areal, IKT og annan infrastruktur. Det vil bli avtalar med tilhøyrande samarbeidsforum på ulike nivå i organisasjonane. Målsetjinga er m.a. eit meir målretta samarbeid. Særleg vil samarbeid omkring utdanning bli meir regulert, i tråd med føringane i RETHOS, som er nye nasjonale retningslinjer for alle helse- og sosialfagutdanningane i høgre utdanning. Samarbeidet om Helseforskning og sentermodellen vil bli vidareført. Som følgje av auka aktivitet og sterkare føringar innan utdanning og forskning for begge organisasjonar, er det sett i gang eit samarbeid om utvikling på Campusområdet på Vie i Førde.

5. Covid 19 – følgjer for forskning og innovasjon

Våren 2020 vart det gjort ei kartlegging av eventuelle følgjer Covid-19 hadde fått eller vil få for framdrift i prosjekta. I tråd med HV sin policy vert det opna opp for at personar som har fått interne forskingsmidlar for 2020, kan søkje om overføring av midlar til 2021 dersom det kan dokumenterast av årsaka til at midlane ikkje er nytta, er knytt til Covid 19. Fire prosjekt har meldt tilbake at prosjektet har fått betydeleg forsinking. Alle desse er i Medisinsk klinikk.

Eksternfinansierte prosjekt: Tre av prosjekta har fått betydelege forsinkingar og vil søkje om overføring av midlar til 2021.

Då korona-pandemien braut ut påverka det planane til prosjektet «Pust Deg Bedre». Appen er utvikla som eit digitalt verktøy for lungesjuka slik at dei vert betre i stand til å ta vare på eiga helse og unngå unødige sjukehusinnleggingar. Sidan lungesjuka er ekstra sårbar om dei vert utsett for virusmitte, vart det viktig å få appen raskt tilgjengeleg for brukarane. Rundt påsketider vart appen gjort tilgjengeleg, og fram til no er den lasta ned nesten 2000 gongar. Det er også laga ei eiga nettside knytt til appen: www.pustdegbedre.no. Denne nettsida har pr i dag hatt over 1500 unike besøkande.